

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5918 FREKHAUG

Dato: 17.09.2019
Vår ref.: 2017/15616-34
Saksbehandlar: larklem
Dykkar ref.:

Fråsegn til detaljregulering fv. 564 - 244 Frekhaugkrysset til høyring og offentleg ettersyn

Vi viser til brev datert 18.06.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for fylkesveg 564/244 Frekhaugkrysset. Hovudføremålet i planen er å betre trafikktryggleiken i området og leggje til rette for framtidig kollektivhaldeplass. Dette omfattar å leggje om dagens kryssløysning, og utbetring av fv. 244 med gang- og sykkelveg. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 21.09.2017.

Vurdering

Barn og unge

Planforslaget inneber at ein skal etablere ei trygg skuleveg frå Frekhaug og fram til Sagstad skule. Like ved skulen finn ein også Meland Aktiv, som er ei av dei største idrettsanlegga i kommunen. Sagstad skule og Meland Aktiv er særleg viktige målpunkt for barn og unge i kommunesenteret Frekhaug og i Meland generelt.

Dagens infrastruktur opp til desse målpunkta gir ikkje eit trygt og godt tilbod for mjuke trafikantar. Ei utbetring av tilhøva for mjuke trafikantar frå sentrum og opp til skulen og idrettsanlegget er difor i samsvar med regionale føringar, til dømes retningsline 5.9 i Regional plan for attraktive senter, som syner til at «*sentrum skal ha eit attraktivt, trygt og finmaska nettverk for gåande. Gangaksar mellom viktige målpunkt skal vere universelt utforma*». Hordaland fylkeskommune vurderer difor planforslaget som viktig for å sikre trafikktryggleiken og tilhøva for barn og unge i Meland kommune.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne

I brev datert 16.09.19 har Riksantikvaren gjeve løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd, med vilkår om arkeologisk utgraving.

I det følgande vert dei viktigaste punkta i Riksantikvaren sitt brev gjennomgått. Brevet er vedlagt

Innanfor reguleringsområdet er det registrert kokegroper og dyrkingslag som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd.

Riksantikvaren gjer samtykke til at reguleringsplanen for Frekhaugkrysset- Fv 264 kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagt kart datert 12.09.2019. I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endelege kostnader og avgrensing av utgravingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at arkeologiske utgravningar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før han ynskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følgje framlegget til budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen, er ei utgraving av gjeldande kulturminne, kokegroper og dyrkingslag frå bronse- og jernalder, id. 242205 rekna å koste inntil 1 086 000 (2019- kroner og satsar). Riksantikvaren vil sjå nærare på framlegget til budsjett og arbeidsomfang, før vedtak etter kulturminnelova § 10 blir fatta.

Kulturminnet, id. 242205 skal merkast i plankartet som *område for føresegn* med signatur RpBg (*grense for føresegn i reguleringsplan*). Dette er gjort i planforslag datert 25.03.2019, der det automatisk freda kulturminnet ligg inne som føresegnsområde #6.

Følgjande tekst skal inn i fellesføresegnene i reguleringsplanen:

«Før iverksetjing av arbeid i høve til planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id. 242205 som er merka som område for føresegn #6 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan blir fastsett.»

Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksten ovanfor vert teken inn i føresegnene til reguleringsplanen.

Dersom kommunen gir melding om at teksten ovanfor *ikkje* vil bli teken inn i føresegnene til reguleringsplanen, og fylkeskommunen likevel ikkje vil fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.

Nyare tids kulturminne

I vårt fråsegn av 25.10. 2017 til varsel om oppstart, skreiv vi mellom anna:

«Området ved Langeland er eit intakt kulturlandskap med åker, eldre bygningar, steingardar og vegen. Det må vurderast om nokre av kulturminne bør få ei omsynssone H570, der ein sikrar kulturmiljø og einiskilde kulturminne knytt opp mot landskap.»

Vi meiner at kulturlandskapet ved Langeland, gbnr 24/4, 59 og 86, har ein kulturminneverdi som bør takast vare på sjølv om løa på SEFRAK nr 1256-0205-128 blir reven. Det intakte gardsmiljøet bør ein prøve å oppretthalde så langt som mogeleg, og vi ber om at ein vurderer mogelegheita for å flytte løa. Løa er i planomtalen skildra som godt vedlikehalde. Vi rår til at kommunen tek kontakt med

byggningsvernkonsulentene ved Museumssenteret i Hordaland, Arild Sætre, for å få vurdert nærare bygningen sin kulturminneverdi, og sjå på mogelegheita for at bygningen kan flyttast.

Det er viktig at det i reguleringsføresegnene blir presisert at dei eksisterande tørrmurane og trappene ved kulturmiljøet på Langeland vert sikra i anleggsperioden, og at ved eventuelle skader på murane og steintrappene må desse reetablerast i samband med anleggsarbeida.

Samferdsel

Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Multiconsult på vegne av fylkeskommunen. Samferdselsavdelinga og Skyss ved Hordaland fylkeskommune har vore i dialog om løysingane undervegs i prosessen. Planen inngår i Nordhordlandspakken, med unntak av arealet som er sett av til kollektivterminal. Realisering av planen vil skje i byggetrinn, og dagens kollektivhaldeplass vil bli liggjande som i dag gjennom dei første fasane. Etablering av kollektivterminalen i Frekhaugkrysset vil avhenge av behov for endring av dagens tilbod og midlar sett av til etablering av ny terminal.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne, og ber om at Meland kommune gir melding viss ein ikkje vil endre reguleringsføresegnene i tråd med fråsegna.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Lars Petter Klem
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Helene Moe, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland